

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Godkjenning av 2 prosjektrekneskap vidaregåande skular – ombygging/rehabilitering - Uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke nesten 3 år sidan skulane vart tekne i bruk og fram til prosjektrekneskapane ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet har også merka seg at avviksforklaringa for prosjektet Odda vgs. ikkje var lett tilgjengeleg i notat om rekneskapsavslutninga.
4. Kontrollutvalet oppmodar fylkesdirektøren vurdere om rutinane i høve punkt 2 og 3 er gode og dekkande nok.

### Samandrag

**Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal koma med uttale til prosjektrekneskap Arna vidaregåande skule - Ombygging og Odda vidaregåande skule - ombygging/rehabilitering som er lagt fram av fylkesdirektøren og som skal vidare til handsaming i fylkestinget.**

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjear

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Retningsliner for prosjektrekneskap
- 2 Retningsliner for prosjektrekneskap
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02154/013014 - Arna vga. - ombygging
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02154/013014 - Arna vgs - ombygging media/kommunikasjon
- 5 Melding frå uavhengig revisor til prosjektrekneskap - Arna vgs. - ombygging
- 6 Fuv 35/2018
- 7 Rapport pr 31.12.19
- 8 Melding frå uavhengig revisor til prosjektrekneskap - Odda vgs. - ombygging-rehabilitering

### Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune vedtok slik godkjenningsordning for prosjektrekneskap i møte 29.09.2020:

1. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 75 mill. kr skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 50 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjestart, skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
3. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med lågare budsjettsummar vert prosjektrekneskapa innarbeidde i årsrapporten.*
4. *Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for ordninga.*
5. *Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling.*

Retningsliner for ordninga i tråd med punkt 4 i vedtaket over ligg ved som vedlegg 1 og 2.

Uttalen frå kontrollutvalet skal for denne prosjektrekneskapen leggjast ved sak frå fylkesdirektøren til fylkestinget, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke revisoruttale til prosjektrekneskapane. I revisjonsmeldingane dagsett 29.09.2021, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame slike saker, jf. kommunelova § 23-1 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

**Prosjekt 02154/013014 - Arna vidaregåande skule - ombygging** viser eit mindreforbruk i høve kostnadsramme ved byggestart på kr. 7 005 976 (13,1 %). Sekretariatet har merka seg at grunnen til mindreforbruket vert oppgjeve til å vere at det underveis i prosjektet vart utarbeida fleire effektive løysingar som ga betre utnytting av lokala og vart meir kostnadseffektiv.

Sekretariatet har også merka seg at det snart har gått 3 år sidan ombygginga var ferdig hausten 2018 og til denne prosjektrekneskapen ligg føre.

På bakgrunn av det som går fram over kan det vera grunn til å spørja om det er tilfredsstillande at det har teke 3 år sidan skulen vart teke i bruk og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskapen og revisjonsmeldinga ligg ved som vedlegg 3 -5.

**Prosjekt 02131/013011 - Odda vidaregåande skule - ombygging/rehabilitering** viser, slik sekretariatet ser det, at budsjett ved byggestart var kr. 122 000 000 til dette prosjektet. Dette utgjer eit meirforbruk i høve totalkostnaden på kr. 66 724 441 ( - 35,56 %). I vedlagte brev til Deloitte dagsett 21.06.2021 er det teke utgangspunkt i total kostnadsramme som vart løyvd, dvs. kr. 184 800 000 når meirforbruket er berekna, dvs. eit meirforbruk på kr. 3 924 441 ( - 2,08 %). Sekretariatet har merka seg at grunnen til meirforbruket m.a. går fram av budsjett dokumentet for 2017 der det står dette på side 163-164:

*«Arbeidet som har vore utført til no har avdekka fleire forhold som ein rår til vert utbetra som ein del av prosjektet. Kostnadane for prosjektet er difor no rekna til 159 mill. kr.»*

Vidare går det fram av budsjett dokumentet for 2018 der det står dette på side 173:

«*Forprosjektet for rehabiliteringa vart vedteke i fylkestinget i juni 2016 med ei kostnadsramme på 122 mill. kr. Kostnadsramma er seinare auka til 185 mill. kr.*

*Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 58 mill. kr i budsjettet for 2018 slik at prosjektet kan fullførast.»*

Slik sekretariatet ser vil det vera mest korrekt å beregne meirforbruket ut frå budsjett ved byggjestart, jf. punkt 2 i vedlagte «Retningsliner for prosjektrekneskap». Vi registrerer også at avviksforklaringa i dette prosjektet ikkje er lett tilgjengeleg ved at den måtte leitast fram i budsjettdokumentet for 2018. Dette burde i staden gått fram av rekneskapsavslutninga slik rutinen legg opp til i punkt 2 i rutinen.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskapen og revisjonsmeldinga ligg ved som vedlegg 6 - 8.

Sekretariatet har merka seg at det for begge prosjekta har snart har gått 3 år sidan ombygginga var ferdig hausten 2018 og til prosjektrekneskapane ligg føre.

På bakgrunn av det som går fram over kan det vera grunn til å spørja om det det er tilfredsstillande at det har teke 3 år sidan skulane vart tekne i bruk og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.

### **Konklusjon**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det har teke 3 år sidan skulane vart tekne i bruk og fram til prosjektrekneskapane ligg føre til politisk handsaming. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet merkar seg at avviksforklaringa for prosjektet Odda vgs. ikkje var lett tilgjengeleg.

Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet merkar seg konklusjonane frå Deloitte.